

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/17	Plan- og miljøutvalet	PS	22.02.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Siril Therese Sylta	16/1575

## Klage på avslag på søknad om løyve til etablering av flytebrygge - gbnr 109/1 Saltnes

### Vedlegg :

Supplering av klage - gbnr 109/1 SaltnesNy frist for supplering av klage - gbnr 109/1 SaltnesBer om ytterlegare utsatt frist for supplering til klage på avslag - gbnr 109/1 SaltnesVedk melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 109/1 SaltnesSøknad om etablering av flytebrygge - gbnr 109/1 SaltnesSaltnes gardSaltnesvika\_inndeling i prosjekterReferat frå førehandskonferanse signert - gbnr 109/1 SaltnesVedk søknad om rammeløyve, dispensasjon og igangsetjing - gbnr 109/1 SaltnesSøknad om rammeløyve, dispensasjon og igangsetjing - gbnr 109/1 SaltnesOversending av søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygge til uttale - gbnr 109/1 SaltnesSaltnesPlankart SaltnesUttale til søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygge - gbnr 109/1 SaltnesUttale - etablering av flytebrygge - dispensasjon - gbnr 109/1 SaltnesUttale - Lindås - Gbnr 109/1 - Saltnes - Etablering av flytebrygge - DispensasjonUttale vedk søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygge - gbnr 109/1 SaltnesSituasjonskart 109.1

### Alternativ 1:

Lindås kommune sitt vedtak datert 31.08.2016 vert oppretthaldt, klagen vert ikkje tatt til følgje.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

### Alternativ 2:

Klagen vert tatt til følgje. Lindås kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og frå pbl § 1-8 til oppføring av flytebrygge i tre på 2,5 x 8 meter, jf. pbl § 19-2.

Grunngjeving:

Vedtaket skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

### Plan- og miljøutvalet - 017/17

### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1 vart samråystes vedteke.

### PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 31.08.2016 vert oppretthaldt, klagen vert ikkje tatt til følgje.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

## Saksopplysningar:

### Politisk handsaming:

Saka skal avgjeraast i Plan- og miljøutvalet. Dersom utvalet ikkje tek klagen til følgje, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjerd.

Dersom Plan- og miljøutvalet tek klagen til følgje og gjer dispensasjon, vil administrasjonen følgje opp vedtaket med det formelle byggeløyvet og samordningsplikta etter hamne- og farvannslova. Positivt dispensasjonsvedtak skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland for klageurvurdering.

### Saka gjeldt:

Saka gjeldt klage på avslag på søknad om oppføring av flytebrygge på 2,4 x 12 meter på eigedommen gbnr 109/1.


Søknad om etablering av flytebrygge vart handsama av Plan- og miljøutvalet i vedtak datert 31.08.2016 der tiltaket vart avslått.

Det vart sendt inn klage frå tiltakshavar Tom Haukedal den 22.09.2016, der det vart bedt om utsatt frist for innsending av supplering til klage.

I e-post datert 11.09.2017 er det sendt inn supplering til klagen. I dokumentasjonen som er sendt inn vert omsøkte brygge redusert til ein storleik på 2,5 x 8 meter.

For øvrige saksopplysningar vert det vist til saksframlegg datert 31.08.2016.

### Kart:



### Klage:

Når det gjelder omsøkt tiltak, på etablering av flytebrygge, og derav avslag, med utsatt frist for ny beskrivelse, til 16. januar 2017, finner jeg det nødvendig med følgende valgte korrigeringer:

Område hvor omsøkt brygge (Betongbrygge på 12 x 2,5 m.) var tiltenkt som permanent montering/etablering.

Arsaken til at betongbrygge, med angitt størrelse ble valgt som nødvendig etablering, var

*nettopp basert på at dette skulle være en permanent installasjon, og på grunn av beliggenheten, med vær inn fra sør/sør vest, var det viktig at dette var en brygge som hadde en egenvekt på mellom 15 og 20 tonn.*

*Det kan blåse ganske kraftig fra sør, både på høst og vinter, og derfor var det nødvendig med en solid konstruksjon som kunne takle dette, uten risiko for skade, m.v.*

*Imidlertid har vi funnet å kunne endre på dette, til å etablere en lettere brygge, i andre materialer (Trykkimp. tervirke) på 2,5 x 8 m., som kan flyttes 2 ganger i løpet av året.*

*Det vil være nødvendig med en lett konstruksjon som en trebrygge, for at vinterstormene ikke skal skade bryggen.*

*Vå vurdering er derfor at ved å endre til dette tiltak, bør dette kunne gies tillatelse for, uten nærmere redegjørelse.*

**Vurdering:**

I vedtaket var vurderinga:

*«Administrasjonen er positiv til at tiltakshavar no ønskjer å sette i stand våningshus og driftsbygningar på eigedommen, og har tankar om å etablere alternativ drift på eigedommen, m.a. med open gard. Vidare har administrasjonen vore positiv til at det vert etablering av eit kyst- og kultursenter på eigedommen, mellom anna lokale til kajakkubb, båtverkstad m.m. Det er ikkje sendt inn søknad om desse tiltaka på neverande tidspunkt.*

*I denne saka er det søkt om ei flytebrygge på 2,4 x 12 meter, 29 m<sup>2</sup>. Landgangen er ikkje målsett.*

*Strandsona er underlagt eit særskilt vern, og det skal mykje til for å gje dispensasjon her. Kommuendelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er av nyare dato. Det er såleis nyleg teke stilling til korleis ein ønskjer at areala i dette området vert forvalta. Det taler mot at det vert gjeve dispensasjon.*

*Denne delen av strandsona der flytebrygga skal plasserast er forholdsvis urørt. På innsida av neset ligg det fleire fritidseigedommar, der det er gjort store inngrep i strandsona med kai- og flytebrygger. Det taler mot å gje dispensasjon.*

*I tillegg er det ei stor flytebrygge det vert søkt om, denne vil vera godt synleg for omgjevnadane og vil gjera området meir privatisert enn slik det står fram i dag.*

*I dispensasjonssøknaden går det fram at søknad om flytebygge må sjåast i samanheng med dei øvrige tiltaka på eigedommen. Etter administrasjonen si vurdering vil denne flytebrygga ha ein unaturleg plassering i høve til dei andre tiltaka som er planlagt på eigedommen. Det er stor avstand mellom omsøkte flytebrygge og gardstunet og plassering av planlagt kyst- og kultursenter. Flytebrygga vil ha meir preg av å høyra til fritidseigedommene på innsida av neset.*

*Fylkesmannen i Hordaland sin uttale er klar på at dei vurdera tiltaket til å ha negativ verknad i strandsona, og at det klart ikkje er fordelar som talar for dispensasjon i denne saka.*

*Det følgjer av pbl § 19-2 4.ledd at det ikkje bør gjevast dispensasjon dersom statleg eller regional mynde gje negativ uttale. Dette taler også mot at det bør gjevast dispensasjon.*

*Ein dispensasjon til ei flytebrygge her vil kunne skape presedens og gje uheldige verknader for området.*

*På bakgrunn av dette meiner administrasjonen at dei omsyna som kommunedelplanen og strandsonevernet skal ivareta vert skadelidande som følgje av at det vert gjeve dispensasjon til etablering av flytebrygge her. Vilkåra for å gje dispensasjon etter pbl § 19-2 er ikkje oppfylt. «*

Administrasjonen legg til grunn vurderinga i klageomgangen.

Det er positivt at storleiken på brygga vert redusert i storleik, og at konstruksjonen vert endra. Likevel er administrasjonen si vurdering at dei same forholda kring dispensasjon også gjer seg gjeldande for ei mindre flytebrygge.

På bakgrunn av det meiner administrasjonen at det ikkje ligg føre grunnar som talar for dispensasjon til flytebrygge. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

Lenke til saksinnsyn:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2016001575&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016001575&)